

J. William Kay & Elin I. Klausen
Isdalstøbakken 55B
5916 Isdalstø

Tlf. 915 91 482
Epost jwkay@me.com

15.april 2015

Høyringsvar om vidare utbygging av fiberbasert breiband

Sjølv om vi pr. dags dato er busett i Isdalstø, skal vi frå 1.juni 2015 flytta attende til Radøy kommune. Då kjem vi til å busetja oss på Kviste (Kvistevegen 193) og vil i samband med det koma med høyringsinnspel om vidare utbygging av breiband.

Det er svært gledeleg at Radøy kommune går inn for å vidareutvikle fibertilbodet i kommunen. Vi vil registrere vår interesse for å kobla oss på fibernettet, ikkje minst fordi Kvisteområdet i dag har svært dårleg breibandsdekning.


Når vi no flyttar frå Isdalstø til Kviste, så misser vi tilgangen til fiberbasert breiband (50/50MBit/s). Alternativa er svært avgrensa. Telenor og dei andre ADSL-leverandørane klarar ikkje å levera meir enn (teoretisk) maks 3MBit/s ned og 0,4MBit/s opp. Satellitt- og 4G-breiband byr på høgare hastigheiter, men med avgrensa databruk og til ein uforholdsmessig høg pris.

Under "interessekartlegging" på kommunen sine nettsider står fylgjande spørsmål:
Breibandutbygging i grisgrendte område er kostbart, og vil kreve ein betydeleg eigenandel. Dersom det kostar 5.000 / 10.000 å få fiberbasert breiband (etableringskostnad/ingongssum), er du då framleis interessert?

Svaret for vår del er ja, sjølv om ein etableringskostnad på oppunder kr 10.000 er høg.

Vonar at Kviste kan verta teke med i kommunen sin plan for vidare utbygging av fibernettet.

Med helsing,


J. William Kay


Elin Irene Klausen.